



Møtebok

Sak nr 18/2008

Møtedato: 5.3.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Bortleige av beiterett

I følge fjellova § 15 har jordbrukar med beiterett i statsallmenning rett til å beite med så stor buskap som han kan vinterfø på egedomen. Fjellstyret kan samtykkje i at det vert beita med større buskap når det kan skje utan skade for andre bruksrettshavarar. Beite kan også leigast bort til andre utan beiterett. Vilkår for bruk av beitet skal fastsetast ved avtale.

Fjellstyrevedtak om å leige bort beite er eit enkeltvedtak etter forvaltningsloven. Både søkjaren og andre med beiterett er part i saka og har rett til å krevja skjønn.

Avtale om bortleige av jord kan etter jordlova § 12 ikkje gjerast for meir enn ti år.

Mange av gardsbruka blir i dag drive ved samdrift. Er det samdrift mellom bruk med beiterett er ikkje dette i konflikt med fjellova. Ved samdrift med eit bruk som ikkje har bruksrett, kan det bli aktuelt å opprette avtale dersom det blir beita med fleire dyr enn ein kan vinterfør på egedomen som har bruksrett. Etter fjellova § 15 er det også aktuelt å leige bort beite til nokon som ikkje har bruksrett, dette gjeld også utanbygdsbuande.

Så langt ein kjenner til er det berre leigd bort beite ein gong tidlegare. Dette skjedde på 60/70-talet ved utleige av beite til geit. Det vart betalt kr 1 pr geit.

Beitepresset i allmenningen er minkande og arealet gror att, mellom anna grunna manglande beiting. Bortleige av beite til nokon som ikkje har beiterett, bør derfor kunne skje utan at det er til skade for andre med beiterett. Bortleige i mindre omfang bør fjellstyret kunne gjera utan å leggja saka ut til offentleg ettersyn.

Forskrift om bekjemping av dyresykdommer har forbod mot transport av småfe over fylkesgrenser og eventuelt andre soner fastsett av Mattilsynet. For Oppland er det ikkje fastsett tiltakssoner innan fylket.

Vedtak:

Etter skriftleg søknad kan fjellstyret opprette avtale om bortleige av beite. Det er eit vilkår at det omsøkte beitet ikkje er til ulempe for andre med bruksrett.

Det skal opprettast skriftleg avtale som skal innehalde opplysning om beiteleigar og bruk, kva slag og kor mange dyr, pris og kor lenge avtalen gjeld. Beiteleige blir sett til kr 1,- pr dyr som blir slept på beite. Avtale skal maksimalt gjerast for fem år.

Ved flytting av dyr over fylkesgrenser eller andre tiltakssoner, skal dispensasjon frå Mattilsynet oversendast fjellstyret før dyr blir slept på beite.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.3.08

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: